



# TROLLKVINNA

av Aina Basso

– Du er ei trollkvinne, seier dei.  
Eg nektar. Eg er berre eit barn.  
– Du lyg!

Eg blir kasta i fangeholet. Mange trollkvinner sit der. Dei tilber djevelen, driv med svartekunst.

Eg er redd. Men kvinnene ser ikkje farlege ut, berre triste.

Ei smiler.

– Kom, seier ho.

Eg set meg på fanget hennar, sjølv om eg er for stor. Ho fiskar fram ein godbit.

– Her.

Magen rumlar og vil ha meir. Det er lenge sidan eg åt. Ikkje sidan mor forsvann.

– Det er best å innrømme alt, seier ho. – At du har vore på heksefest, tilbede djevelen og fått skip til å sokke.

- Det er ikkje sant!
- Gjer som eg seier, så skal du bli Guds barn og mi vesle jente.

Eg saknar ei mor. Men då eg gjer som kvinna seier, vil dei brenne meg som heks. Slik dei gjorde med mor. Eg græt.

Heldigvis protesterer folk. Eg er jo berre eit barn.

Det blir ny rettssak, og eg fortel at kvinna sa kva eg skulle seie.  
Det blir stilt. Dei vaksne ser på kvarandre.

- Var det ikkje sant?

Etter dette slepp eg fri.  
Men dei andre blir att i fangeholet.